



Arkivnr: 2014/560-389

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		29.01.2019

Gjennomgang av Tingdokument, forslag UPP 2019 og ansvarsfordeling UFT 2019

Samandrag

Ungdommens fylkesutval ferdigstilte forslag til nytt ungdommens planprogram (UPP) 2019 på helgemøte 11.-13. januar. Det blei også skreve årsmelding frå dei ulike utvala (KIRU, OPHE, MISA og eigen organisasjon). I tillegg vert det avklart viktige punkter for å gjennomføre UFT på best måte. Det arbeidast no med å sette saman tingdokumentet.

Tingdokumentet og UPP er dokument som skal sendast ut til delegater seinast 10 dagar før tinget tek til. Dette inneber at alle papir skal vere sendt ut innan 05.02.2019. Det er difor viktig at alle papir vert godkjente og klar for utsending.

Ungdommens fylkesutval bes også om å slutte korleis ansvar dei ulike medlemmane skal ha. Dette gjeldt både sosialt, politisk og organisatorisk.

Vedlagt til saka er innstilling til ungdommens planprogram 2019.

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjenner tingdokument samt dei redaksjonelle endringane i UPP. Utvalet fordeler ansvarsområde slik dei skal vere på tinget.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.